

## VINJE KOMMUNE

REGULERINGSFØRESEGNER:

REGULERINGSPLAN FOR ØYFJELL INDUSTRIOMRÅDE, DEL AV 119;21 OG 119/22,  
VINJE KOMMUNE.

UTARBEID AV.....: AKL-Arkitektkontor, seljord

UTLAGT TIL OFFENTLEG ETTERSYN, .:

GODKJENT I BYGNINGSRÅDET..... 18.02

98 VEDTEKE AV KOMMUNESTYRET :,

Føresegnene gjeld for det området som er vist med  
reguleringsgrense på plankartet, nord for vegvesenets plan.

§ 2.

Området er regulert til følgende føremål: Byggeområde: -  
Industri Landbruksområde: - Jordbruk

Trafikkområde: - Køyreveg

Fareområde: - Høgspenline

## BYGGEOMRÅDE

- a) Innanfor industriområdet kan arealet oppdelast etter dei enkelte bedrifters behov, etter grenser som i kvart enkelt tilfelle skal godkjennast av kommunen.
- b) Anleggas art, utforming og plassering skal i kvart enkelt tilfelle godkjennast av kommunen, som kan fastsetja krav til m.a. plassering av verksemd som kan forårsake særlege ulemper.

Anlegg skal utformast og utstyrast på ein slik måte at område i nærleiken ikkje vert utsett for unødige lukt, røyk eller støyp lager.

- c) Bygningar skal i størst mogeleg grad tilpassast den lokale byggetradisjon, og skal som hovudregel ha saltak med takvinkel 27°.

Bygningar skal ikkje ha meir enn 2.etasjer, eller ha gesimshøgde større enn 8m. målt frå gjennomsnittleg terrengnivå.

Fargebruk bør retta seg etter det som er vanleg i området, og sterke eller skrikande fargar, eller materialer med sterk glans skal ikkje nyttast.

- d) Tillatt bebygd areal skal ikkje overstige 35% av tomtas areal.
- e) Innanfor industriområdet er det ikkje tillatt å føre opp nye bustadbygg.  
Kommunen kan gjera unntak for vaktmesterbustad e.l.l.  
Eksisterande bygningar skal oppretthaldast og kan påbyggast.
- f) Inngjerding av tomtene skal meldast til kommunen, som skal godkjenne plassering, høgde, konstruksjon og farge.
- g) Kvar bedrift skal på eigen grunn, ha plass til parkering for både tilsette og kundar, samt plass til interne transportveggar, av- og pålessingsareal m.m. som er naudsynt for verksemda.
- h) Det må foreligge godkjend plan for avløp og vassforsyning, og utsleppsløyve må vera gjeve for byggeløve kan gjevast.

## LANDBRUKSOMRÅDE

### § 4.

- a) I område markert som landbruksområde kan det oppførast bygningar, naudsynte for jordbruksdrifta.
- b) Gamle vegar, som no er erstatta av nye, vert tilbakeført til jordbruksføremål, slik planen syner.

## TRAFIKKOMRÅDE

### § 5.

- a) Tidlegare fylkesveg (F.v.503), er erstatta med ny veg, og tilbakeført til jordbruksføremål. Offentleg veg, øst for reguleringsplanen, avsluttast ved reguleringsplangrense. Ordninga skal vera godkjend av vegvesenet før byggeløyve vert gjeve.
- b) Antall avkøyringar frå ny fylkesveg vert redusert frå 3 til 2, og den tidlegare viste avkøyringa til gamal veg, er flytt ca.65m. lengre mot Syd-øst (tidl.grustak), og blir nå felles avkøyring til industriområde og bustad.
- c) Veg til Drivarbekk 119/22 endrast frå driftsavkøyring til gardsveg.

Utforminga må vera i samsvar med retningsliner i vegnormalen, og etter krav fastlagt av Statens vegvesen. Buskar og tre innanfor angitte frisisiktsoner må fjernast, og haldast nede. Event. terreng innanfor dei nevnte soner må ikkje vera høgare enn 0,5m. over vegbanen.

Avkøyringar skal vera ferdig opparbeida og godkjende av vegvesenet før byggeløyve vert gjeve.

## FAREOMRÅDE

### §6

Areal langs høgspentline, i ein avstand av 6m. til kvar side, målt fra midtfase, kan ikkje nyttast til byggeområde.

## DISPENSASJON

### § 7.


Dersom serlege grunnar talar for det, kan kommunen gje dispensasjon frå desse føresegnene, innanfor ramma av planog bygningslov og byggeforskriftene.

Etter at denne planen med tilhøyrande føresegner er vedteken, kan det ikkje opprettast privatrettslege avtaler som er i strid med planen og føresegnene.

SELJORD: 1.5.02.97

KORRIGERT: 10.12.97

**AKL-Arkitektkontor** Arkitekt Knut Loftsgarden 3840 Seljord

A handwritten signature in blue ink, reading "Knut Loftsgarden", is placed over a rectangular stamp area. The stamp area has a dotted line on the left side and a solid line on the right side.